

## Ope brev til Volda Kommune

Naboane med representant frå Rotset Grendalag har hatt eit møte for å diskutere planane om leiligheitsbygg i Rotsetfjóra.

Som kommunen forhåpentlegvis er kjent med, var Rotset sentrum i Volda fram til midten av 1800-talet. God tilkomst til sjøen gjorde at fleire sentrumsfunksjonar vaks fram på Rotset. Det har mellom anna vore sorenskrivar, prest, skular, skysstasjon, garveri, hotell og bank der i perioden då dette var Volda sentrum. Heldigvis er fleire av desse gamle bygga og kulturminna framleis bevarte på Rotset. Sorenskrivargarden, prestegarden, garveriet (som også er eit museum), gamle bankbygget, Ristegarden og bustadhusa i området er viktige minner for Volda som bygd og for kulturhistoria.

Dei planane om tre enorme leiligheitsbygg med 44 leiligheiter som vart lagt fram i Møre er for oss naboar (og mange med oss) uforståelege. At politikarane går i ut i media og kallar planane for "snop" er endå meir gåtefullt. Planane vil rasere området som eit kulturminne og vil øydelegge utsikta for bebuarar på heile Rotset. Næraste nabo til denne tomte er Ristegarden og Garveriet, som begge er freda. På motsett side ligg bustadhus frå 1800-talet, som er verna. Å plassere slik enorme bygg tett opp til freda bygg er ikkje i samsvar med ein tanke om å bevare kulturminna i gamle Volda sentrum.

I dag er det mange som nyttar området som rekreasjons- og turområde, trass i at det ligg mykje rot frå Scana på tomte. Naboane hadde helst sett at området vart rydda og utvikla i kommunal regi der området kunne fått større allmenn nytteverdi. Tomte er i dag siste rest av strandlinje i Volda sentrum. Det finst mange områder i Volda som ikkje har same verdi både kulturhistorisk og som rekreasjonsområde. Skal det skje ei utbygging av slike dimensjonar som no er presenterte, bør dette leggast til heilt andre tomter enn den som no er aktuell.

Me stiller oss i utgangspunktet ikkje negative til at det vert bygd i området, men meiner dimensjonane på desse planane er kraftig overdrive. På grunn av historia til området og dei bygga som allereie står der, vil det vera øydeleggande om planane som vart presenterte i Møre, vert realiserte. Skal det byggast i området, må det gjerast i ein stil og bygghøgde som passar med eksisterande bygningsmasse. Slik området framstår, og med den historiske verdien og det estetiske uttrykket det har, meiner me at området eignar seg for einebustadar eller rekkjehus, ikkje for den typen leiligheitskolossar som her er tenkt.

Både Garvarbuda og Ristegarden er kulturhistorisk viktige bygg for Volda som bygd, og dei planane som no ligg føre, har ikkje teke hensyn til korkje kulturhistorie eller estetikken i området. Me meiner difor at maks byggehøgde ikkje bør overstige det som er normalhøgde på ein einebustad. Me meiner at kommunen si oppgåve i fyrste rekkje er å syte for innbyggjarane i bygda, ikkje å syte for at enkelte byggfirma skal tene store pengar. Så lenge det fins store områder i Volda som ikkje er utbygde, meiner me det vil vera feil av kommunen å tillate ei utbygging som er ei stor ulempe både for naboane, turgåarar og for Volda sine kulturminner. Å lage ein mur mot fjorden vil ha store konsekvensar, ikkje berre for naboane, men for bygda som heilheit. Eit leiligheitsbygg på seks etasjar vil vera Voldas høgaste bygg, det seier seg sjølv at det ikkje kan plasserast i strandsonen på Rotset!

## Helsing

Dag Nyheim (Leiar i Rotset grendalag)

Bergljot Riste Langva

Jørgen W. Lyngvær

Hege Lill Humberset

Gerd Jorunn Sandnes

Lucia Fricova

Vidar Sandnes

Harald Skjeret

Solbjørg Nautvik

Bjarne Riiser Gundersen

Gunnar Rossetvik

Eli Aarvik

Odd Gjersdal

Enok Kippersund

Gunhild Ring Olsen

Torbjørn Osdal

Liv Woldsund

Rita Kiperberg

Tor Vegard Søvik

Alice Telset Tverberg

Andreas Fossheim

Jeanette Sundal

Tomas Fric

Elin Sundal Osdal

Sindre Løfoll

Ann Kristin Einbu

Ester Moltumyr

Jan Ytrehorn